

# Tiltaksliste for kommunar i Vestland

## Mål 2 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

### Strategiar:

- 2.1 Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.
- 2.2 Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturerdvarar.
- 2.3 Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

## Kommunale klimatiltak i Vestland (fyrste utkast)

Det grøne skiftet betyr omstilling til eit samfunn der utvikling og vekst skjer innafor tolegrensa til naturen. Dette inneber betre ressursutnytting, kunnskapsbasert forvaltning av naturressurssar og mindre belastning på miljø og klima. Difor er klima- og miljømåla eit premiss for samfunnsutviklinga i Vestland (Mål 2, Utviklingsplan 2020-2024). Miljømessig berekraft er eit premiss for å lykkast med både økonomiske og sosial berekraft.

Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030. Dette er om 10 år, så vi har inga tid å miste. I lista under kan kommunar finne forslag på tiltak ein kan gjennomføre for å bli eit nullutsleppssamfunn. Lista gjeld i hovudsak tiltak for å redusere klimagassutslepp, men desse tiltaka skal skje innanfor naturen sine tolegrenser, styrke matvaresikkerheita vår, vere tilpassa klimaendringane og styrke det heilskaplege berekraftsarbeidet i regionen.

Denne lista er ikkje ein fasit, men eit utgangspunkt for vidare arbeid. Dokumentet er eit dynamisk dokument som vil oppdaterast kontinuerleg, og vi vil supplere med gode eksemplar og nyttige ressursar.

Klimaarbeid er ikkje lenger eit oppdrag for eldsjelene, dette er eit leiaransvar. Ein skal kunne svare på spørsmålet: Bidreg dette tiltaket, vedtaket eller prosjektet til ei klimaomstilling? Bidreg det til auka eller reduserte klimagassutslepp?



# Klimamål og leiing

---

- Set ambisiøse klimamål; mål om nullutslepp innan 2030
  - Forankre klimamåla, og planlegg utfasing av alle direkte fossileutslepp skjelder innan 2030
  - Sikre at alle i organisasjonen jobbar for å nå klimamåla
  - Ha jamnlige klimamøter med alle einingar representert
  - Søk på tilgjengeleg støtteordningar
  - Still klima- og miljøkrav i kommunale tilskotsordningar
  - I politiske saker: Vurder påverknad på miljømessig, økonominisk og sosial berekraft
  - Plasser fond og investeringar i grøne fond og pensjonsordningar
  - Stimulere til grøn omstilling i alle selskap med kommunal eller interkommunalt eigarskap
  - Involver ungdomsrådet i politiske saker om deira framtid
-

# Planlegging

- Sikre at klimaarbeidet vert prioritert i kommuneplan eller kommunedelplan (etter PBL 2008)
- Sikre god kopling mellom handlingsplan og økonomi- og budsjettarbeidet for å sikre gjennomføring av tiltak
- Reduserer transportbehovet i kommunen gjennom samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (SPR)
- Parkering: Heilskapleg vurdering av totalbehovet for parkeringsplassar, og tilrettelegging for nullutsleppskøyretøy.
- Fortsett med kvalitet (les meir her)
- Klima og miljø som premiss for plassering av sentrale bygg og verksemder skal ikkje auke klimagassutsleppa eller redusere naturkvalitetane på staden.
- Lag plass til fotgjengaren og syklisten, i staden for bilen.
- Fokusere på areal for karbonopptak: Bevare matjord, myrområde og berekraftig skogforvaltning.
- Legg til rette for god nettutvikling: Hald tett dialog med netteigar i arealplanlegging slik at dei er førebudde på ev. ny kraftproduksjon/-bruk.
- Arealformålsendring som påverkar utslepp og opptak av CO<sub>2</sub> skal kompenserast for (les meir her)
- Kontakt din kommune sin plankontakt i Vestland fylkeskommune for rettleiing knytt til planlegging

# Transport

---

- Fas ut alle fossile kjøretøy innan 2030
  - I kommunen si drift: Når bilar skal bytast ut er nullutslepp standard, unntak må handsamast av rådmann.
  - Legg til rette for at verksemder og innbyggjarane vel nullutsleppskjøretøy
- Sikre ladeinfrastruktur for lett og tunge kjøretøy på vegen og fartøy i havner
- Stimulere til elektrifisering av fritids- og arbeidsbåtsegmentet
- Vurder å reservere p-plassar til utsleppsfri kjøretøy
- Legg til rette for utsleppsfri mobilitet; tilrettelegging for lading, elbil-deleordning, sykkelparkering og gå- og sykkelvegar osv.

# Næringsliv og teknologi

- 
- Fremje klima som tema på eksisterande areaner og møterplassar for næringslivet.
  - Stille klimakrav i utlysing og løyvingar frå eks. næringsutviklingsfond
  - Stimulere til auka reperasjon og gjenbruk
  - Fremje og sjølv nytte seg av lokalt reiseliv og lokal mat
  - Framsnakke grøne bedrifter og vise fram gode eksempel
  - Vurder å gjennomføre innovasjons konkurranse lokalt (skape nye løysingar)
  - Søke midlar aktivt saman med næringslivet
  - Stimuler til at lokale verkemder miljøsertifiserer seg
  - Vurder å gjennomføre prøveprosjekt med å «bytte» jordbruksområder. Reduserte transport knytt til gardsdrifta.
-



Vestland  
fylkeskommune

# Forbruk & Innkjøp

---

- Still spørsmålet: Treng ein kjøpe nytt? Eller har vi frå før?
  - Kjøp lokalt! Utnytt innovative innkjøp for å utvikle klimaløysingar for framtida
  - Bruk innkjøp strategisk for å bidra til omstilling i kommunen (sjå DFØ sine rettleiarar)
  - Still kvalifikasjonskrav om miljøsertifisering, nullutsleppstransport der mogeleg
  - Lag ein grøn innkjøpsstrategi:
    - Fremje klimavenlege løysingar i alle anbod (lovpålagt)
    - Still krav til leverandørar om mål om fossilfri verksemd innan 2030.
    - Still krav om fossilfri bygg og anleggsvirksomhet
    - Still krav om fossilfri transport av varer og tjenester
    - Vekt klima minst 30 % som tildelingskriterie (anskaffelsesforskriften § 7-9, lese meir her )
    - Still krav til fossilfri material- og energibruk
  - Reduser forbruk der mogeleg, fokuser på klimafotavtrykket til heile produktet sitt livsløp. (ombruk, kjeldesortering og materialgjenvinning)
  - Innfør tiltak og gjennomfør sirkulære innkjøp som fremjar sirkulær økonomi (eks. Reparasjon, deleordning, gjenbruk av materialer, eks. asfalt)
  - Redusere plastbruken i eiga verksemd med minst 40% innan 2023, i tråd med Plaststrategien til Vestland fylkeskommune
  - Nytt slam og matavfall i ein sirkulær økonomi. T.d. til biogassproduksjon.
-



Vestland  
fylkeskommune

# Samarbeid

---

- Samarbeid med andre kommunar om tiltak, søknadar og ressursar
  - Delta aktivt i nettverk og samarbeid, som til dømes Klimapartnere
  - Samarbeid med frivillige organisasjonar i kommunen for å nå måla, eks. Bygdelag, idrettslag, kulturlag, m.fl.
  - Legg til rette for søknader aleine eller saman med andre (feks Klimasats)
  - Samarbeide med landbruksorganisasjonar for å støtte næringa i ei berekraftig omstilling.
-



Vestland  
fylkeskommune

# Kommuniser mål & tiltak

---

- Ved lansering av ambisøs målsetning for kommunen som nullutslipp 2030 – har gjerne ei markering for å mobiliserer alle aktørar; verksemder, befolkning, skuleelevar etc. Med årleg oppfølging i etterkant.
  - Framhev og framsnakk gode, grøne eksempel frå eigen region/kommune
  - La innbyggjarar spele inn gode tiltak
-